



Lindås kommune, Landbrukskontoret
Kvernhusmyrane
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	143/1
13. 06. 2007	
Ark. saksnr.	Løpnr.
2007/1190	11344/2007
Saksh.	Tilgangskode
MKR	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200703538-2/311/VIBE

Dykkar ref.:
2007/1190 - 9610/2007

Bergen, 8. juni 2007

Håland - gnr. 143 bnr. 1 - Søknad om påfylling av engareal - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 21.05.07 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune, Seksjon for kulturminnevern og museum, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vurdering av tiltaket

Ut frå våre arkiv er det ikkje opplysningar om kjende automatisk freda kulturminne, eller nyare tids registrerte kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket.

Vi ber om at tiltakshavar under påfylling av stein- og jordmassar, søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn eller konstruksjonar ved gjennomføring av tiltaket som kan vera automatisk freda, må arbeidet stansast og kulturminnevernet få melding om dette, for ei nærare gransking av staden jf. Kulturminneloven § 8, 2. ledd.

Konklusjon

Seksjon for kulturminnevern og museum har ingen vidare merknader til saka. Men bed om at krav om meldeplikt jf. Kulturminnelova § 8, 2 ledd vert tatt med i vedtak om dispensasjon.

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Vigdis Berge
Vigdis Berge
arkeolog

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland

Alversund 10/5-07

Søknad om jord/steintipp.

1 og 2 på kartet jordplanering.

3 grunn til ny driftsbysning/

Redskaps hus. Denne skal dekkes til med jord, slik at det vert våd a slå.

Øve G. Airdsten

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	143/1
14. 05. 2007	
Ark. saksnr.	2007/1190
Saksh.	MKR
Leppnr.	9043/2007
Tilgangskode	

Arkiv



Ove G. Hvidsten
Haaland
5911 Alversund

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar - tlf.	Arkivkode	Dato
	2007/1190 - 11892/2007	Mikal Krossøy - 56 37 56 30	143/1	20.06.2007

Delegert sak.

Søknad om jord/steintipp - gnr 143/1 Håland - Ove G. Hvidsten

Saksdokument: Søknad om jord/steintipp dagsett 10.05.07.
 Kart i mål 1:1000.
 Skriv til høyringsinstansane d. 21.05.07.
 Skriv frå Fylkesmannen d. 07.06.07.
 Skriv frå fylkeskonservatoren d. 08.06.07.

Søknaden gjeld påfylling av stein- og jordmassar på 3 teigar. Teig 1 og 2 er søkk på ca. eller knapt 1 daa kvar. Føremålet er lettare drift. Teig 3 er utfylling av eit større søkk eller skråning på ca. 3 daa. Det går ein bakkemur nede i søkket. Under synfaring vart det sissert at fyllinga vil koma høgare enn noverande gardsveg. Føremålet er fundament for mogeleg utviding av driftsbygningen.

Garden ligg i *Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)* i kommuneplanen. Innmarka er noko kupert og skrånande.

Saka er sendt til høyringsinstansane på vanleg måte. - Fylkesmannen kjenner ikkje til særskilde miljøverdiar i området, men føreset at arbeidet vert gjennomført etter godkjent plan. - Fylkeskonservatoren kjenner ikkje til kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Dei peikar på at fyllinga ikkje må gjera skade på viktige kulturlandskapstrekk, og at ein må ta omsyn til Kulturminnelova § 8.

Vurdering.

Kommunen meiner i utgangspunktet at planering av kupert areal og heving av lågtliggjande areal er positivt for kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at arbeidet vert utført slik at det vert fullverdig jordbruksareal etter inngrepet. Då vert arealet lettare å driva. Hausting ved slått og beite gjev eit meir velstelt landskap.

Inngrepet må vurderast i høve til gjeldande lover og forskrifter. Vi finn det naturleg å vurdere søknaden i høve til "Forskrift om anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt" og "Plan- og bygningsloven" (PBL) § 93.



Ove G. Hvidsten
Haaland
5911 Alversund

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2007/1190 - 11892/2007	Mikal Krossøy - 56 37 56 30	143/1	20.06.2007

Delegert sak.

Søknad om jord/steintipp - gnr 143/1 Håland - Ove G. Hvidsten

Saksdokument: Søknad om jord/steintipp dagsett 10.05.07.
Kart i mål 1:1000.
Skriv til høyringsinstansane d. 21.05.07.
Skriv frå Fylkesmannen d. 07.06.07.
Skriv frå fylkeskonservatoren d. 08.06.07.

Søknaden gjeld påfylling av stein- og jordmassar på 3 teigar. Teig 1 og 2 er søkk på ca. eller knapt 1 daa kvar. Føremålet er lettare drift. Teig 3 er utfylling av eit større søkk eller skråning på ca. 3 daa. Det går ein bakkemur nede i søkket. Under synfaring vart det sissert at fyllinga vil koma høgare enn noverande gardsveg. Føremålet er fundament for mogeleg utviding av driftsbygningen.

Garden ligg i *Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)* i kommuneplanen. Innmarka er noko kupert og skrånande.

Saka er sendt til høyringsinstansane på vanleg måte. - Fylkesmannen kjenner ikkje til særskilde miljøverdiar i området, men føreset at arbeidet vert gjennomført etter godkjent plan. - Fylkeskonservatoren kjenner ikkje til kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Dei peikar på at fyllinga ikkje må gjera skade på viktige kulturlandskapstrekk, og at ein må ta omsyn til Kulturminnelova § 8.

Vurdering.

Kommunen meiner i utgangspunktet at planering av kupert areal og heving av lågtliggjande areal er positivt for kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at arbeidet vert utført slik at det vert fullverdig jordbruksareal etter inngrepet. Då vert arealet lettare å driva. Hausting ved slått og beite gjev eit meir velstelt landskap.

Inngrepet må vurderast i høve til gjeldande lover og forskrifter. Vi finn det naturleg å vurdere søknaden i høve til "*Forskrift om anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt*" og "*Plan- og bygningsloven*" (PBL) § 93.



LINDÅS KOMMUNE
Landbruk

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref.
«REF»

Vår ref.
2007/1190 - 9610/2007

Saksbehandlar – tlf.
Mikal Krossøy - 56 37 56 30

Arkivkode
143/1


Dato
21.05.2007

SØKNAD OM PÅFYLLING AV ENGAREAL – GNR. 143, BNR. 1, HÅLAND.

Vedlagt følger søknad om påfylling av stein- og jordmassar på 3 teigar med engareal. Teig 1 og 2 er søkk på ca. eller knapt 1 daa kvar. Føremålet er lettare drift. Teig 3 er utfylling av eit søkk eller skråning på ca. 3 daa. Føremålet er fundament for mogeleg utviding av driftsbygningen.

Vi bed om at mogeleg merknader vert sendt oss snarast og seinast 14. juni.

Med helsing



Mikal Krossøy
fagleiar landbruk

Vedlegg: Søknad om jord/steintipp dagsett 10.05.07.
Kart i mål 1: 1000 og 1:25000.

Kopi til Ove G. Hvidsten, Håland, 5911 Alversund.

Postadresse: Besøksadresse:
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Telefon: 56 37 50 00
Telefaks: 56 37 50 01

Heimeside: www.lindas.kommune.no

Bankkonto: 7413 05 01005
Organisasjonsnr: 935 084 733

Kartside: www.nordhordlandskart.no

Adresseliste

ePhorte®

Seleksjon: Journalpost ID: 22997, Journalenhet: @
Rapport generert: 22.05.2007

Kortnavn	Navn	Adresse	Postnr	Poststed	Epost
	Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen	
	Hordaland fylkeskommune, Kulturseksjonen	Postboks 7900,	5020	Bergen	
	Ove G. Hvidsten	Håland	5911	Alversund	



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Signy Myksvoll, 55 57 22 04

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	143/1
11.06.2007	
Ark. saksnr.	Løpnr.
2007/1190	11158/2007
Saksh.	Tilgangskode
MKR	

Lindås kommune

5914 Isdalstø

Vår dato
07.06.2007
Dykkar dato
21.05.2007

Vår referanse
2007/5732
Dykkar referanse
07/1190-9610/2007

Lindås – Høring – Påfylling av engareal - Gnr. 143 / bnr. 1 - Håland

Vi viser til Dykkar brev av 21.05.07 vedlagt søknad om påfylling av stein og jordmassar på 3 teigar som omfattar totalt 5 daa på gnr. 143, bnr. 1, Håland i Lindås kommune.

Fylkesmannen vurderer søknaden etter forureiningsforskrifta § 4, Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt (bakkeplaneringsforskrifta). Jf. § 4-2 skal bakkeplanering forståast med å gjera brattlendt eller kupert dyrkbart, eller tidlegare dyrka areal eigna for maskinell jordbruksdrift.

Fylkesmannen kjenner ikkje til særskilte miljøverdiar som vil verta berørte ved omsøkte tiltak, men føreset at arbeidet vert gjennomført etter godkjent plan som er i samsvar med tekniske retningslinjer som er fastsett av Landbruksdepartementet.

Kommunen er ansvarleg mynde, og skal stå for ferdiggodkjenning av tiltaket.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonsleiar

Signy Myksvoll
avdelingsingeniør

Gjenpart: Ove G. Hvidsten, Håland, 5911 Alversund